



KOPI

Lindås kommune, eideom  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/461 - 17/6567

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
24.02.2017

## Løyve til innvendig ombygging av eksisterande bygg gbnr 188/322 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 089/17**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune, eideom  
**Ansvarleg søker:** Rambøll Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om innvendig ombygging av eksisterande bygning. Tiltaket medfører ikkje endring i BYA/BRA.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.02.17.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfristen er 3 veker. Fristen er 01.03.17.

Planstatus

Ikkje relevant for tiltaket

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet på følgjande vilkår:

1. Planene for ventilasjon med tegninger og dokumentasjon etter sjekkliste i veileddning best nr 444, skal sendes arbeidstilsynet snarest mulig og i god tid før arbeidet starter opp.  
Jf. Arbeidsmiljøloven §§ 4-4 (!) og 18-9



## Nabovarsel

Tiltaket er ikke nabovarsla, jf. pbl. § 21-3 (2.ledd).

## Plassering

Tiltaket gjeld innvendig ombygging og plassering av tiltaket i kartet er ikke relevant.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikke skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Det er søkt om fråvik frå TEK 10 med følgjande grunnjeving:

### Søknad om fråvik frå PBL §31-2 Tiltak på eksisterande byggverk.

I samband med ombygging av inngang og mottaksarealet i 1.etasje i rådhuset til Lindås kommune vil det bli ei endring av funksjonen til enkelte rom, frå kontor til møterom og frå møterom til kontor. Den totale mengda personar i området vil ikke bli endra og ombygginga gjeld ein liten del av bygget og kostnader for å oppfylle krava i TEK for dei enkelte romma kan bli uforholdsmessig store i forhold til kostnader elles. Det er difor ønskje om at omlegging av ventilasjon ikkje vert tatt i denne omgang, men at det vil bli tatt i samband med full utskifting av anlegg og ventilasjonsaggregat for heile bygget i seinare omgang.

For ombygging av arealet vil krav til lydisolering mellom, og akustikk i rom som får endra funksjon, bli oppfylt. Av omsyn til kostnader og for å avgrensa behovet for inngrep ønskjer ein å ikkje gå inn på og evt gjera tiltak for lydisolering som tar evt endra krav til lydisolering for trinnlyd og strukturlyd til anna etasje.

Det vert dermed søkt om fråvik frå *Kap 13, Miljø og helse, § 13-1 Generelle krav til ventilasjon, § 13-3 Ventilasjon i byggverk for publikum og arbeidsbygning og § 13-7 Lydisolasjon, avsnitt 2.*

## VURDERING

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

## Fråvik frå TEK 10

Kommunen kan gi løyve til naudsnyt ombygging av eksisterande bygg også når det ikkje er mogleg å tilpasse bygget til tekniske krav utan uforholdsmessige kostnader, jf. pbl § 31-2 (4.ledd).

Kommunen godkjenner fråvik frå TEK10 kap. 13 med føresetnad om at anlegget vert oppgradert ved full utskifting av anlegg.

## Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak **i eitt-trinn** for innvendig ombygging i eksisterande bygg.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast soksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/461**

## Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune, eigedom

Kvernhusmyrane  
20

5914

ISDALSTØ



**Mottakarar:**


Rambøll Norge As

Postboks 427

0213

OSLO

Skøyen



911#3962:f7014192-0c57-4dc8-a149-6cb3f2c67c26:8